



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteinkalling

Utval: **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre**

Møtestad: Sandane

Dato: 04.12.2023

Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Styremøte kl 11.00 til 14.00.

Deretter juletallerken.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 13/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/23	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 4/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2023	2019/4183	
RS 5/23	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - status på tiltak og tiltaksmidler styremøte 3-2023	2019/4173	
RS 6/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssak om revidering av forvaltningsplan styremøte 3-2023	2022/10021	
ST 15/23	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om fleirårig løyve til organisert ferdsel - Nordfjord folkehøgskule	2023/17581	
ST 16/23	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om fornying av fleirårig løyve til helikopterlandning ved Longevasshytta - Indre Sunnfjord turlag	2023/16577	
ST 17/23	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om løyve til kjentmannskøyring 2024-2027 - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps	2023/17580	
ST 18/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2024	2019/10675	
ST 19/23	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidler og SNO-ressursar for 2024	2019/4173	
ST 20/23	Eventuelt		

ST 13/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 14/23 Signering av protokoll frå førre møte



Arkivsaksnr: 2019/4183-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3/2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tok orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerete vedtak

- Mardal og Fitje sankelag fekk i juni løyve til å lande med helikopter ved Stoa i Langedalen i samband med transport av nye bruer inn i beiteområda sine.
- Jan Erik Øygard fekk i august og september løyve til å bruke motorbåt på Traudalsvatnet i samband med transport av material og utstyr til byggearbeid på ei hytte.
- Norges geologiske undersøkelse fekk i månadsskiftet august-september løyve til landing med helikopter på fjellet over Osmundnes i samband med måling av ustabilt fjellparti.
- Norges vassdrags- og energidirektorat fekk løyve til å flytte nokre reflektørar dei har ståande på det ustabile fjellpartiet over Osmundnes. Reflektørane er med på å drive kontinuerleg overvaking av rørsler i fjellmassane. Løyvet vart gjeve i med delegert mynde i samråd med styreleiar.
- NVE fekk og løyve til helikopterlandding i samband med arbeidet med reflektørane.

Ustabilt fjellparti ved Osmundnes

Både Norges geologiske undersøkelse og Norges vassdrags- og energidirektorat driv målingar på fjellet over Osmundnes. NGU har ein lang serie med fysiske målingar mellom punkt som dei jamleg utfører. NVE har siste åra sett i gong meir kontinuerleg overvaking ved hjelp av radar.



Faren for fjellskred er relativt låg. Fjellmassane beveger seg med ein hastigheit på 0,2-0,4 cm per år. Årleg sannsyn for stort fjellskred ligg ein stad mellom 1/1000 til mindre enn 1/5000 for dei ulike scenarioa. Per i dag er det ingen byggerestriksjonar eller liknande, men overvakninga held fram.

Osmundneset (Vestland, Gloppe Kommune) - NVE

Villrein

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord er ganske samanfallande med Førdefjella villreinområde. Villreinutvalet fekk ein kvote på 12 løyver i 2023, og av desse vart 9 kort delt ut til grunneigarar etter ei viss fordeling og trekning. Alle desse 9 dyra vart felt, og jakta gjekk fint føre seg.

I desember er det venta at Førdefjella skal få klassifiseringa si i kvalitetsnorm for villrein. Det er eit trafikklyssystem som vurderer tilstanden på villreinstamma, leveområde og levevilkår. Dersom tilstanden vert därleg og det skal lagast tiltaksplan for villrein, kan verneområdeforvaltninga få ei viktig rolle i planlegging og gjennomføring av tiltak.

Kartlegging av våtmarksområde

Miljøfaglig Utredning AS har i sommar vore på feltarbeid og kartlagt Måsevassøyna og Tangane, og arbeidet har gått som planlagt. MFU melder om at floraen var ganske triviell på begge lokalitetane, med hovudsakleg vanlege artar knytt til kalkfattige myrar. Rapport er venta ut på nyåret, seinast til våren. Mange av registreringane er allereie lagt inn i Artsdatabanken si nettløysing Artskart.

Økonomi

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har bruk om lag 166.000 av eit driftsbudsjett på 171.000. Kartleggingsoppdraget vart litt dyrare enn tildelinga vi fekk, men elles ligg vi omtrent på budsjett.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - status på tiltak og tiltaksmidlar styremøte 3-2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tok saka til vitande.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Oversikt over tiltak og tiltaksmidlar i NG per 21.11

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord har fått 600.000 i tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet i 2023, til å bruke på dei tiltaka som vart meldt inn og søkt om midlar til.

Status

Skjøtselsavtalar

Totalt var 220.000 av tiltaksmidlane fordelt til skjøtselsavtalar med fem grunneigarlag med skjøtselsavtalar. Det skal vere utført arbeid på alle avtalane, og fire av dei fem har sendt rapport. Det er ikkje alle grunneigarlaga som har fått gjort so mykje skjøtselsarbeid som dei hadde planlagt, og alle brukar derfor ikkje opp dei midlane som er sett av. Slik det ser ut no vil det bli betalt ut omrent 161.000 på desse avtalane.

Gran



Styret har prioritert fjerning av gran i 2023, og sett av 250.000 til den typen tiltak. Ved hjelp av sommarvikar hos Statsforvaltaren i Vestland vart det i sommar gjort ein stor jobb med kartlegging av granførekommstar og avklaring med grunneigarane.

Statens naturoppsyn v/Sverre Sæten har og både registrert og fjerna noko gran når han har vore på andre oppdrag. Mellom anna har han fjerna 400 smågraner i Helgheimsdalen på Jølster.

Vi har tinga eit arbeidslag frå Skogkonsult, gjennom ei rammeavtale som vi har med dei. Dei skulle etter planen kome i veke 46, men grunna sjukdom vart dette utsett til veke 48. Etter planen skal dei ta fatt på nokre felt i Ryssdalen først, og so deretter flytte seg til Vonaområdet.

Nokre førekommstar skal grunneigar sjølv ta. Her ventar vi på rapport og faktura, eventuelt ein avtale om arbeid i vinter.

Det er usikkert kor mykje midlar som vil gå ut, men vi har ein ambisjon om å enten bruke eller gjere avtale om bruk av alt som er sett av til granfjerning.

Skilt om Byrkjenesmannen

Dette er produsert og skal monterast til våren. Vi ventar på faktura. Det er sett av 20.000 til tiltaket.

Informasjonsskilt

Informasjonsskilt som stod langs E39 på Jølster er flytta til ein meir trafikkert og eigneleg plass ved Svidalsneset. Dette vart gjort med midlar frå 2022 og har ikkje belasta årets budsjett. Her står vi derfor med 100.000 i midlar som per no ikkje er verken brukt eller bunde opp.

Råsa langs Storevatnet

Arbeidet vart utført i sommar ved hjelp av Statens naturoppsyn, tjenestekjøp og forvaltar. Sidan vi sjølv stod for mykje av arbeidet gjekk det med mindre midlar enn budsjettet, berre om lag 12.000. Vi er nøgde med resultatet, men grunneigar meinar her framleis er behov for noko meir utbetring.

Oppsummering

Tiltaka i 2023 har gått ganske greitt, sjølv om det enno er litt usikkert om vi får nytta alle tiltaksmidlane. Nokre grunneigarlag har hatt utfordringar med å få gjort alt dei har planlagt av skjøtsel, det kan ha samanheng med veret i store delar av sommaren.



Arkivsaksnr: 2022/10021-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssak om revidering av forvaltningsplan styremøte 3-2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tok saka til vitande

Saksopplysningar


Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre er som kjent i gang med å revidere forvaltningsplanen. Målet er å ha ein oppdatert og godkjent ny forvaltningsplan før den gamle planen vert 10 år gammal i 2025.

Status

Revideringa av forvaltningsplanen har gått litt seint til no. Det er ein prosess som skal gå over litt tid, men vi har nok hatt litt mindre framgang enn det som var planen. Det er fleire årsaker til det. Ei viktig årsak er at langsiktig arbeid som dette har ein tendens til å bli prioritert ned i hektiske periodar når ein må fokusere på sakshandsaming, tiltak og andre presserande ting som dukkar opp. Då mister ein litt «momentum» i prosessen. I tillegg har vi venta på å få på plass ei kartlegging av våtmarker, som er gjennomført no i år og skal rapporterast utpå nyåret.

Kartlegging av våtmarker er gjennomført no i sommar. Arbeidet gjekk som planlagt og det vil verte laga ein rapport som verneområdestyret får i løpet av vinteren eller våren. Miljøfaglig Utredning AS kan vel allereie no melde at dei ikkje fann noko særleg spesielt eller uventa i våtmarkene.



No i månadsskiftet november-desember skal vi arrangere to opne møte om revideringa. Møta er kombinerte informasjons- og innspelsmøter der grunneigarar, organisasjonar, verksemder, offentlege instansar og andre kan delta. Her vil vi få ut informasjon om prosessen og dei mest sentrale tema i revideringa. Det vil og verte høve til å stille spørsmål og kome med direkte innspel til forvaltningsplanen i møta. Det vil vere to like møte, eit i Førde som skal dekke Sunnfjord og eit på Sandane som skal dekke Gloppen.



Tidsplan

Under her ser de tidsplanen som styret tidlegare har sett opp. Sidan vi ligg litt etter tidsmessig kan de sjå vekk i frå tidspunkta her. Dei grøne radene er ting som er utført. Dei gule radene vert jobba med.

Milepål/oppgåve	Kor tid	Ansvarleg	Merknad
Vedta prosjektplan og tidsplan	Styremøte 1/2022	Verneområdestyret	Ferdig
Vedtak om oppstartsmelding	Styremøte 1/2022	Verneområdestyret	Ferdig
Tidleg innspelsrunde	Vår/sommar 2022	Forvaltar	Utført
Legge innhald frå gjeldande forvaltningsplan inn i FPNV	Vår/sommar 2022	Forvaltar	Ferdig
Kartlegge behov for ny kunnskap	Vår 2022	Forvaltar	Gjennomført, ikkje rapportert
Kartlegge behov for endringar	Styremøte haust 2022	Forvaltar og styre	Delvis
Kartleggingar/hente inn ny kunnskap	Sommar 2023	Forvaltar og ekstern hjelp	Har fått noko midlar i 2023
Definere forvaltnings- og bevaringsmål	Styremøte 2/2023	Verneområdestyret	
Oppdatere kapittel om brukarinteresser	Vår/sommar 2023	Forvaltar	
Møter med referansegrupper	Haust 2022/vår 2023	Forvaltar og styret	Skal vi ha referansegrupper? Er det nok med opne møter?
Opne møter	Haust 2023	Forvaltar	Eitt i kvar kommune
Forslag til retningslinjer og tiltaksplan	Vinter 23/24	Forvaltar	
Vedta utkast	Første halvår 2024	Verneområdestyret	Nytt styre
Fagleg godkjenning før høyring	2024	Miljødirektoratet	Kan ta tid
Høyring	Sommar/haust 2024	Forvaltar	
Innarbeide høyringsinnspeil	Haust 2024	Verneområdestyret	
Vedta endeleg versjon	Styremøte 4/2024	Verneområdestyret	
Endeleg godkjenning	Vinter 24/25	Miljødirektoratet	

Møter med referansegrupper er markert med raud farge. Eg vil rá til at vi ikkje oppretter eigne referansegrupper for dette, men at vi enten brukar dei opne møta som referansegrupper eller at vi brukar dei allereie eksisterande Rådgjevande utval og Administrativt kontaktutval.



Arkivsaksnr: 2023/17581-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	15/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombånd - Søknad om fleirårig løyve til organisert ferdsel - Nordfjord folkehøgskule

Innstilling frå forvaltar

Nordfjord Folkehøgskule får løyve til å ha etablere teltleir ved Haugen ved Storevatnet i Gjengedalen i samband med overnattingstur. Løyvet gjeld for inntil 170 overnattande i ei natt i veke 34 eller 35, i åra 2024 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 4.4. og gjeld på desse vilkåra:

- Alt avfall skal fraktast vekk etter overnattinga. Det skal ikkje ligge noko avfall att ved Haugen.
- Det må etablerast ei eller fleire felles latriner eller liknande. Avfall frå desse skal enten fraktast ut eller gravast ned.
- Eventuell bålbrann skal avgrensast til ein eller nokre få organiserte bålpassar som vert plassert slik at det ikkje er fare for brann.
- Det skal ikkje under nokon omstende fjernast stein frå gamle tufter eller murar.
- Grunneigarar skal varslast på førehand.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig løyve til teltleir ved Storevatnet i Gjengedalen
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Tidlegare løyve til teltleir

Søknaden

Nordfjord Folkehøgskule søker om å få ha teltleir ved Storevatnet i veke 34/35 kvart år i perioden 2024 til 2028. Skulen brukar å ha ein felles tur med overnatting der i starten av kvart skuleår. På den turen vil opp mot 170 personar overnatte i telt ved Haugen innanfor Storevatnet.

Folkehøgskulen informerer om at dei har følgjande aktivitetar og rutiner:

- Dei fyrer bål nede ved vatnet og varmar opp steinar. Desse vert nytta til å lage badstu i telt.
- Dei lagar kokegrop kvart år. Den vert fylt att etter bruk.
- Dei lagar mat på to bål i faste gruer.
- Dei fraktar inn alt av ved som vert nytta.
- Dei lagar felles latrine som lærarane har ansvar for.
- Alt avfall vert samla og transportert ut.

Kart som syner plassering av teltleiren:





Regelverk

Ferdsl til fots og friluftsliv er i utgangspunktet ikkje regulert i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, men større teltleirar må likevel søkast om, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 4.4.:

4.4. Store idrettsarrangement, større teltleirar og liknande, kan ikkje skje utan løyve frå forvaltingsstypesmakta.

I forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal LVO er grensa for kortid ein teltleir er søknadspliktig, sett til 30 overnattingsdøger (antal personar x antal netter). Teltleiren med inntil 170 overnattande er over den grensa og derfor søknadspliktig.

I naturmangfaldlova (nml) § 7 er det krav om at alle vedtak som kan påverke naturmiljøet skal vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Dette er ein tur som Nordfjord folkehøgskule gjennomfører kvart år, med denne teltleiren. Normalt søker dei om løyve for kvart år, men no ønskjer dei å ha eit fleirårig løyve. Det er smart og sparar arbeid både for skulen og for verneområdeforvaltninga.

Store teltleirar og anna organisert friluftsliv over ein viss storleik, søknadspliktig i verneområdet. Det betyr ikkje at forvaltninga ser på dette som negativt eller at forvaltninga vil hindre denne typen aktivitet. Forvaltninga er tvert i mot særslig positiv til at området vert brukt so lenge bruken ikkje går ut over verne- eller naturverdiar.

Reglane er heller til for at forvaltninga skal kunne sette nokre vilkår for å sikre at organisert bruk ikkje truar verneverdiane eller fører til skade på naturen. Med mange folk på same staden kan avfall, mangel på toalettfasilitetar, hogst av ved og liknande skape utfordringar og slitasje. Dette kan man likevel unngå om man har god planlegging, førebuingar og rutinar. Dei har hatt løyve til dette i fleire år, og vi har ikkje registrert at aktiviteten har ført til skade eller negativ påverknad på området.

Telting i verneområdet er normalt ikkje noko problem i seg sjølv. Men som peika på lenger oppe her, so aukar sjansen skade eller slitasje når det er so mange som 170 personar i ein teltleir. Det skal og nemnast at der er nokre kulturminne på Haugen som det er viktig å ta vare på. Det er derfor nokre moment ein må vere medvitne på.

Avfall: Det må ikkje ligge att avfall etter teltleiren når elevane har reist frå området. Dette er både eit personleg og kollektivt ansvar for elevane og skulen. Skulen må informere og etablere rutinar for avfallshandtering og ha rutinar for å sjå over og rydde etter overnattinga.

Slitasje: Sidan det berre er snakk om ei overnatting er det ikkje venta at slitasje på terregn eller vegetasjon vil verte noko problem.



Toalett/Latrine: Med so mange som overnattar på same staden må det vere eit opplegg for ei eller fleire felles latriner. Avfallet herifrå må enten transporterast ut eller gravast ned. Nordfjord Folkehøgskule opplyser om at dei grev latrine som lærarane har ansvar for.

Bålbrenning: Bål set spor etter seg, og det vil alltid vere ein viss risiko knytt til bålbrenning. For å unngå for mange spor etter bål må bålbrenning avgrensast til eit mindre tal fellesbål. Bålbrenning bør derfor avgrensast til eit minimum, og bålpassane bør leggast heilt nede ved vatnet. Brannfaren er i år særdeles låg.

Kulturminne: På/ved Haugen er der gamle tufter, kor berre steinmurar eller fundament står att. Dette er kulturminne og dei skal ikkje rørast. Det skal ikkje hentast Stein frå tufter eller murar til bålpassar eller anna bruk.

So lenge desse momenta vert teke omsyn til so er det ikkje venta teltleiren føre til skade eller negative verknader på området og naturmiljøet. Prinsippa i nml § 10 om samla belastning og § 12 om skånsam lokalitet er oppfylt. Haugen er ein god lokalitet for ein slik teltleir. Det ligg nær Storevatnet slik at transport av forsyningar inn, og transport av avfall ut att av verneområdet, er enkelt å få til.

Haugen og området rundt er eit område som forvaltinga kjenner godt, gjennom fleire synfaringar, turar og tiltak. Kunnskapsgrunnlaget er godt, nml § 8 er oppfylt. Einaste registreringane for sårbare artar som ein finn rundt Haugen på Naturbase, er villrein. Området rundt Storevatnet er sentralt i villreinen sitt leveområde, og vert særleg brukt frå kalvetida om våren og framover til og med jakta. I slutten av august er villreinen ganske robust og toler ein viss uro.

Villreinjakta startar 20. august, og Gjengedalen er ofte utgangspunkt for jakta. Sopass tidleg i jakta vil det vere ein viss sjanse for at det vil vere jegerar i området. Teltleiren og jakta vil normalt ikkje kome i konflikt med kvarandre, men det kan vere greitt å vere klar over kvarandre. Folkehøgskulen bør vere klar over at det er jakt i området. Og jegerane bør vere klar over at det er ein heil folkehøgskule i jaktområdet.

So lenge vilkår i løyvet vert fylgt, so er det ikkje venta at teltleiren skal føre til skade på naturmiljøet. Skulle det derimot skje noko skade, so vil folkehøgskulen vere ansvarleg for dette, jamfør nml § 11. Nml § 9 er ikkje aktuell i denne saka.

Telting i utmark er i utgangspunktet innanfor allemannsretten, og krev ikkje løyve frå grunneigar. Her bør likevel grunneigar varslast, grunna storleiken på teltleiren og omfanget av aktiviteten.



Arkivsaksnr: 2023/16577-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	16/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om fornying av fleirårig løyve til helikopterlandning ved Longevasshytta - Indre Sunnfjord turlag

Innstilling frå forvaltar

Indre Sunnfjord Turlag får løyve til å lande ved Longevasshytta i samband med transport av forsyningar til hytta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet perioden 1.juni til 30.september i år 2024 til 2027.
- Dette løyvet skal vere med under flyginga.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Statens naturoppsyn v/Rune Holen (tlf.: 975 95 102) skal informerast om flyginga seinast dagen før flyginga vert gjennomført. SNO kan stogge flyging dersom omsyn til villrein eller andre tilhøve skulle tilseie det.
- Det skal ikkje landast ved hytta dersom villreinen står mindre enn 1 km frå hytta.
- Kvart år skal det sendast ein kort rapport om flyginga til verneområdeforvaltar.
- Indre Sunnfjord Turlag må sjølv syte føre å ha naudsynte løyve frå kommunar og grunneigarar.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig landingsløyve for helikopter ved Longevasshytta
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Tidlegare løyve til helikopterlandinger ved Longevasshytta

Søknaden

Indre Sunnfjord turlag eig og driv den sjølvbetente DNT-hytta *Longevasshytta* inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet. I samband med drifta har dei årleg behov for å transportere inn forsyningar og noko materiale. Indre Sunnfjord turlag søker derfor om inntil fem landingar per år i åra 2024 til 2027. For kvart år søker dei om løyve for perioden 1.juni til 30.september.

Regelverk

Motorferdsel, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet. Men, forvalningsstyresmakta kan gje løyve til landing med helikopter i samband med transport av varer og forsyningar til hytter i landskapsvernombordet. Dette er heimla i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e):

5.3. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyretøy på vinterføre i samband med:

[...]

e) *transport av varer til hytter og stølar*

I tillegg til eit eventuelt løyve frå forvalningsstyresmakta, so må ein ha løyve frå kommunen og løyve frå grunneigar der som ein skal lande.

I følgje naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan ha verknad på naturmiljøet, vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Vurdering

Turlaget og andre som eig bygningane i utmark vil jamleg ha behov for å frakte forsyningar til desse bygningane, og dessutan utstyr og material til vedlikehald. For turlag som driftar DNT-hytter som Longevasshytta er dette behovet endå meir tydeleg, sidan ein driftar eit overnattingstilbod for mange brukarar. Verneområdestyret har som forvaltningspraksis å kome desse behova i møte, og det står dessutan omtala i forvaltningsplanen. Det er både vanleg og fornuftig at ein brukar motorferdsel for å gjennomføre transportar av denne typen på ein effektiv, trygg og fornuftig måte.

Aktuelle transportformer inn til Longevasshytta med si plassering er snøskuter eller helikopter. Snøskuter er avhengig av godt ver og godt føre, og det er avgrensa kor mykje last ein får med på kvar tur. Helikopter er meir effektivt og ikkje minst kan det gjennomførast i sommarhalvåret når det er enklare forhold i fjellet. Helikopter set heller ikkje spor, og er derfor det beste alternativet til tross for at det vil skape noko kortvarig støy.



Frå juni månad og utover er vi ferdig med den mest sårbar yngle- og hekketida for sårbare dyreartar. Ut over sommaren og tidleg på hausten er dyrelivet ganske robust mot den uro og støy som kan komme av motorisert ferdsel. Perioden som turlaget søker om løyve i er soleis god.

Dei søker om ein ganske lang periode for kvart år, på fire månader. Dette er rikeleg lenge med tanke på transportbehovet, men samstundes er det praktisk med fleksibilitet i slike løyve. Særskilde behov for utstyr eller forsyningar kan dukke brått opp, og i tillegg kan det vere utfordrande å finne brukande «vindu» med godt vær til å flyge. I tillegg skal dette kombinerast med dugnadsinnsats i turlaget. Forvaltaren ser ikkje nokon nemneverdige utfordringar med ein sopass lang periode. Det vert søkt om inntil fem landingar kvart år, og det er eit rimeleg tal landingar med tenke på drifta og bygningsmassen.

I tidlegare løyve har det vore lagt inn ein pause i starten av villreinjakta, at det ikkje skal vere lov å fly då. Forvaltaren er usikker på om ein slik pause har noko for seg. Jakta går stort sett føre seg i andre delar av villreinområdet og både jaktutøving om motorferdsel er av sopass lite omfang at sjansen for ein konflikt her er minimal.

Turlaget har hatt desse landingsløyva i mange år no. Forvaltaren har ikkje noko å utsetje på måten løyva har blitt brukt på, ut over at Indre Sunnfjord turlag i likskap med mange andre som får motorferdselløyve kan verte flinkare å rapportere i tråd med vilkåra i løyva.

Databasane Naturbase og Artskart syner ingen sårbar førekommstar i dette området som kan verte påverka negativt av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget (jf. nml § 8) kring tiltaket er godt, og føre-var-prinsippet (jf. nml § 9) treng derfor ikkje nyttast.

Omfanget av motorferdsel i dette området er lågt. Det var litt høgare nokre år i samband med utviding av hytta, men dette var og innanfor regulerte og akseptable rammer. Det er få andre bygningar i dette området, og dei får dekka transportbehov gjennom skuterløyve på seinvinteren/våren. Den samla belastinga (jf. nml § 10) av motorferdsel i dette området er låg, og forvaltninga ser på den som upproblematiske so lenge løyve og vilkår vert fulgt. Det er ikkje forventa at tiltaket kan føre til skade på naturmiljøet som kan utløyse krav om miljøerstatning (jf. nml § 11). Som påpeika tidlegare er bruk av helikopter den mest skånsame metoden for transport i barmarksperioden (jf. nml § 12).



Arkivsaksnr: 2023/17580-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	17/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om løyve til kjentmannskøyring 2024-2027 - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps

Innstilling frå forvaltar

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps får løyve til å køyre kjentmannskøyring i tråd med øvingsplanen sin og politiet sitt vedtak, på følgjande ruter inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord:

- to turar med inntil tre skuterar på strekninga frå Vonavatnet til Longevasshytta
- to turar med inntil tre skuterar på strekninga frå Vonavatnet til Vonaskaret
- tre turar med inntil tre skuterar frå Naustedalen til Sandfjellet

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og gjeld til og med 1.april. 2027

Vilkår for løyvet:

- Løyve, øvingsplan og køyrebok skal vere med under køyring.
- Løyvet kan berre brukast til kjentmannskøyring, og ikkje til generell øvingskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og heilagdagar med mindre det er strengt naudsnyt.
- Det skal takast omsyn til villrein. Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Statens naturoppsyn (tlf 975 95 102) skal varslast før køyring tek til.
- Det skal sendast rapport om gjennomført køyring til forvaltaren innan 1. juni.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Øvingsplan for Naustdal Røde Kors Hjelpekorps for 2024-2027
- Vedtak frå Vest politidistrikt
- «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder» - Rundskriv frå Miljøverndepartementet frå 31.01.2013.
- Løyve til kjentmannskøyring for 2020-2023.

Søknaden

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps søker om å få drive kjentmannskøyring med snøskuter inne i Naustdal- Gjengedal landskapsvernområde. Som ein del av øvingsplanen og beredskapen sin so vil dei gjennomføre kjentmannskøyring til Longevasshytta, til Vonaskaret og til Sandfjellet.

Naustdal RKH har sett opp sin øvingsplan med desse kjentmannskøyringsturane, og sendt denne til politiet for vurdering. Politiet har godkjent to turar til Longevasshytta, to turar til Vonaskaret og tre turar til Sandfjellet. Politiet har også sett som vilkår at kjentmannskøyringa skal vere gjennomført før påske.

Regelverket

Søknader om kjentmannskøyring skal handsamast etter Rundskriv om redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og verneområde av 31.01.13, frå dåverande Miljøverndepartementet. Vidare skal sakene i følge det rundskrivet vurderast opp mot naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonheimel i § 48, første alternativ (understreka):

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I slike «§48-saker» skal også tiltaket vurderast opp mot verneverdiane og ikke minst verneføremålet i § 2 i verneforskrifta.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova § 7, vurderast opp mot prinsippa i §§ 8-12 i same lov.



Vurdering

Som sagt er det ei sentral vurdering om tiltaket er i strid med verneføremålet. Dette står i verneforskrifta § 2:

§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Området er først og fremst verna for å ta vare på eit relativt urørt område. Kjentmannskøyring, slik det er skildra i øvingsplanen og omtala i rundskrivet, er ikkje i strid med verneføremålet og ein kan derfor gje løyve til dette med heimel i nml § 48.

Det er politiet som skal vurdere føremålet og behovet som redningstenesta har for kjentmannskøyring. I følgje rundskrivet *Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder* datert 31.01.2013 skal verneområdeforvaltninga som hovudregel gje dispensasjon til den aktiviteten som politiet vurderer som naudsynt. Verneområdeforvaltar vil derfor ikkje gå inn på denne vurderinga her, men vise til vurderingane til Vest Politidistrikt.

Verneområdeforvaltninga kan likevel kome med mindre avgrensingar dersom det er naudsynt, av omsyn til verneverdiane eller sårbare naturverdiar. Ved køyring med snøskuter vinterstid, og særleg seint på vinteren, er det særleg omsyn til villrein som er aktuelt. Villrein er sårbar i tida før og under kalving, både i kalvingsområda og på trekk dit. Vi vil derfor unngå motorferdsel i kalvingsområda etter 1. april. Politiet har kommentert dette i vedtaket sitt. Dei har sett som vilkår at kjentmannskøyring inn i verneområdet/villreinområdet skal gjennomførast før 1.april. I tråd med føre-var-prinsippet i nml § 9 vil det dessutan verte lagt vilkår for køyring for å unngå å uroe villrein.

Forvaltninga er godt kjent i områda både gjennom synfaringar og andre saker som har vore her. I tillegg har ein tidlegare fått innspel frå villreinnemnda og grunneigarar i desse områda, so kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er godt. Forvaltninga har dessutan ein del erfaring med å handsame og følgje opp løyve til kjentmannskøyring, og dette har fungert godt.

Omfanget av motorferdsel i området er avgrensa. Her er noko transportkøyring til hytter og stølar som vert administrert av Øvre Naustdal Utmarksdrag, i tillegg til litt køyring i tilknyting til beitebruk. Forvaltninga kjenner til at der er eit samarbeid mellom grunneigarane og hjelpekorpsset med samkøyring av transport og kjentmannskøyring slik at den totale motorferdsla vert redusert. Her er og eit løyve til løypekøyring på første del av ruta mot Longevasshytta. Denne vert og ofte koordinert med kjentmannskøyring. Den samla belastinga av motorferdsel i området er under kontroll og innanfor det som er akseptabelt.

Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i denne saka.



Arkivsaksnr: 2019/10675-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	18/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2024

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek oppdatert tiltaksplan slik den ligg føre, eventuelt med justeringar gjort i møte.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Framlegg til tiltaksplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO
- Besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal LVO

Bakgrunn

Kvar år søker Naustdal-Gjengedal verneområdestyre om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane. Tiltaka skal vere med på å oppnå målsetningar i forvaltningsplan, besøksstrategi og andre dokument. Tiltaka som ein skal söke om midlar til bør ha ei forankring i planverket til forvaltninga.

Både forvaltningsplanen og besøksstrategien er etter kvar nokre år gamle, og dei tiltaksplanane som var integrert i dei dokumenta er ikkje lenger oppdaterte. Dei fleste tiltaka der er enten gjennomført eller ikkje lenger aktuelle. Nye behov og problemstillingar har dessutan dukka opp i åra som har gått. Det er derfor behov for ein meir oppdatert tiltaksplan som grunnlag for søknad om og bruk av tiltaksmidlar.

Tiltaksplanen til Naustdal-Gjengedal er eit enkelt og dynamisk dokument som vert oppdatert kvart år. Gjennomførte tiltak vert kvittert ut, igangsette tiltak vert endra og oppdatert tilpassa gjeldande status, og nye behov vert lagt inn. På ein del tiltak vert og kostnadsestimatet justert ut i frå kunnskapsgrunnlag og ambisjonsnivå.

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der. Ein kortversjon av tiltaksplanen kan de sjå under her.



Tiltak	Skildring av tiltaket	Samarbeids-aktørar
Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtselsplan.	Arnestad grunneigarlag
Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	Sande grunneigarlag
Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	Fitje grunneigarlag
Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	Ryssdal grunneigarlag
Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	Gimmestad-Moen sameige
Skjøtsel Nesstøylen/ Kandalsstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	Grunneigarlag på Nes / Ytre Kandal
Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	Grunneigarar, turlag, kommunar
Remerking av stiar	Midtre Nordfjord turlag driv med remerking av stiar i landskapsvernombordet.	Midtre Nordfjord turlag
Vedlikehald av kloppar	Verneområdestyret har det siste tiåret brukt store summar på klopplegging. Dette har vore gode og velkomne tiltak. No ser vi at det er behov for noko vedlikehald og reperasjonar på enkelte stader.	Tenestekjøp
Fjerning av ikkje- ynskte artar	førekomstar av gran i landskapsvernombordet.	SNO, grunneigarar
Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar	SNO, tenestekjøp, anbod
Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Det vart gjort ein god jobb i 2023. Grunneigar/dyreeigar melder likevel om framleis behov for utbetring	Grunneigarar



Arkivsaksnr: 2019/4173-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.11.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	19/23	04.12.2023

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tiltaksmidlar og SNO-ressursar for 2024

Innstilling frå forvaltar

Søknad om tiltaksmidlar

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnadsoverslag (totalt)
	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtselsplan.	20 000
	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	50 000
	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	50 000
	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	50 000
	Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	50 000
	Skjøtsel Nesstøylen/Kandalsstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtselsplan	50 000
	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000



	Remerking av stiar	Midtre Nordfjord turlag driv med remerking av stiar i landskapsvernombordet.	30 000
	Vedlikehald av kloppar	Verneområdestyret har det siste tiåret brukt store summar på klopplegging. Dette har vore gode og velkomne tiltak. No ser vi at det er behov for noko vedlikehald og reperasjonar på enkelte stader.	100 000
	Fjerning av ikkje-ynskte artar	Fjerne førekommstar av gran i landskapsvernombordet, både plantefelt og mindre førekommstar.	200 000
	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar	70 000
	Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Det vart gjort ein god jobb i 2023. Grunneigar/dyreeigar melder likevel om framleis behov for utbetring	25 000
Total søknadssum			700 000

Tenester frå Statens naturoppsyn:

1. Deltaking på møta i verneområdestyret
2. Kontrollere dispensasjonar og saker
3. Utbetring av råsa langs Storevatnet
4. Registrere og fjerne førekommstar av gran
5. Deltaking på andre møte i regi av verneområdeforvaltninga

Saksopplysningar

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2024. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtselsplan . Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.



Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt, men vi såg i år at det ikkje alltid er tilfelle.

Tilretteleggingstiltak er ofte vanskeleg å estimere kostnad på. Vi har ikkje verken mange eller store tilretteleggingstiltak med i framleget i år. Forvaltar har eit lite ønskje om at ein kan ha eit ekstra fokus på vedlikehald i 2024, og i mindre grad starte på nye tiltak.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søkerfrist er normalt kring nyttår. Nytt av året er at vi og skal nytte ei løysing som heiter Naturopdrag der vi kan legge inn tiltak, følgje dei opp og tinge tenester frå SNO.

I tillegg til å söke om tiltaksmidlar til tiltak so kan verneområdestyret og bestille tenester frå Statens naturopsyn.

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søkeren.

ST 20/23 Eventuelt